

REGULERINGSFØRESEGNER

For Reguleringsplan Slettvikane rasteplass, Norddal kommune

§ 1 Planens formål:

- 1.1 Legge til rette for opparbeiding av ein trafikktrygg rasteplass med toalettanlegg og trafikkstasjon i den noverande gropa etter tidlegare masseuttak på vestsida av riksveg 63, ved Slettvikbrua.
- 1.2 Gjennom beskriving og føresegner legge tilhøva til rette slik at plassen med bygningar og fasilitetar kan bidra til å hindre forureining og unødvendig slitasje på ein sårbar og verdifull del av norsk natur.
- 1.3 La rasteplassen med bygningar, fasilitetar og preg vise norsk natur, byggeskikk, natur- og miljøvern og forvaltningsskikk på ein positiv og titalande måte.

§ 2 Generelt:

2.1 Planens innhald:

- 2.1.1 Planen består av plankart i målestokk 1:1000 og reguleringsføresegner. Det regulerte området er vist med ytre plangrense, formålsgrenser og areal med vist reguleringsformål på kartet.
- 2.1.2 Planområdet består av følgjande 3 formål:

Offentleg trafikkområde (Pbl § 25 1. ledd nr. 3)

- Riksveg med avkøyrse til rasteplass og anlegg for sikring av landskapsvernområde (Tr 1).
- Anna trafikkområde. Rasteplass med parkeringsplassar og toalettanlegg. Trafikkstasjon (Tr2).

Spesialområde naturvern / landskapsvern (Sp 1).

§ 3 Fellesføresegner:

3.1 Plankrav:

- 3.1.1 Tiltak skal utførast ut frå ein heilskapsplan. Før det vert gitt løyve til opparbeiding av rasteplassen med anlegg, skal det vere utarbeid og godkjent ein bygge- og terrengplan i målestokk 1:200.
- 3.1.2 Heile rasteplassen med avkøyring og anlegg elles skal vere ferdig opparbeidd før han kan takast i bruk. Før det kan gjevast løyve til bruk, må det også føreligge ein drifts- og vedlikehaldsavtale mellom drivar, kommunen og Statens vegvesen.

§ 4 Offentleg trafikkområde – riksveg (Tr 1):

- 4.1 Riksveg med skulderareal for drift og nødvendig parkering og stopp.

- 4.2 Stengsel i grensa mellom trafikkområdet og landskapsvernområdet som skal hindre unauddsynt avkøyring til og parkering i landskapsvernområdet. Stengsla skal ha materialbruk, form og detaljar som høver til omgivnadane. Oppsetting av stengsla er søknadspliktig tiltak og utforming og plassering av stengsla skal godkjennast av veg – og naturvernmynda.

§ 5 Offentleg trafikkområde – rasteplass (Tr 2):

- 5.1 Areal med byggverk for toalett og evt. for energikjelde. Byggverka skal gjevast ei god og tiltalande utforming. Bygningane skal ha storleik og form som er tilpassa formålet. Bygningane bør utformast slik at moderne form, materialbruk og detaljar er sameint med tradisjonell byggeskikk. Oppsetting av byggverk er søknadspliktig tiltak og utforminga skal godkjennast av veg – og naturvernmynda.
- 5.2 Avløp frå toalett skal gå til lukka tank. Det skal kunne nyttast toalettssystem med vakuumspyling. Energi til drift av vakuumtoalett kan produserast av solceller. Dessutan av dieselaggregat som har automatisk start og stopp styrt av spenningsfall. Vatn kan hentast frå elva. Det skal kunne nyttast vatn til dagleg vask og reingjering av toaletta med golv og klosettskåler. Vatnet skal ha avløp til det lukka systemet. Vask av hender kan skje med sterile våtserviettar. Beskriving av og plan for reingjering og personleg hygiene skal godkjennast av helse- og naturvernmynda før byggeløyve vert gitt.
- 5.3 Areal for køyreveg og parkering av personbilar, bubilar og bussar. Alle offentleg tilgjengelege deler av rasteplassen skal med omsyn til stigning på vegar og stiar vere framkommelege for brukarar av rullestol. Asfaltering er ikkje tillate. Til evt. binding av grusen, må det nyttast materiale som er uskadeleg for vegetasjon, vassdrag og luft. Til avgrensingar av parkeringsplassar og sitjeplassar skal det i størst mogeleg grad brukast naturmaterial som tre og stein.
- 5.4 Plass for informasjonstavler og kulturminnesmerke.
- 5.5 Areal for sitjeplassar (rasteplassar). Til materiale i benkar, bord og informasjonstavler skal det nyttast tradisjonelt trevirke utan bruk av konserveringsmiddel. Alternativt og i tillegg kan det nyttast stål og glas.
- 5.6 Areal for garasje/lagerbygg til Statens vegvesen. Bygget, som no står på austsida av riksvegen, skal kunne brukast som i dag . Alternativt kan det settast opp nytt bygg med tilnærma same storleik som det eksisterande. Garasje/lagerbygget skal haldast godt ved like og anlegget skal til ei kvar tid framstå som ein naturleg og integrert del av rasteplassen. Varig parkering eller fråsetting av anleggsmaskiner utanfor bygningen er ikkje tillate. Flytting av det eksisterande eller oppføring nytt bygg er søknadspliktig tiltak og utforming og plassering skal godkjennast av veg – og naturvernmynda.

§ 6 Spesialområde naturvern / landskapsvern (Sp 1)

- 6.1 På det noverande bygge- og trafikkkarealet på austsida av riksvegen skal bygning rivast eller flyttast og området skal avstengast for trafikk slik at arealet kan tilbakeførast til naturen, inngå i det ordinære landskapsvernområdet og forvaltast etter reglane for dette.
